

Sak om læreplassar i kommunane i Regionrådet i 10. mai

Vi veit at kompetansebehova i kommunesektoren er størst og aukande innan pleie og omsorg med behov for både helsefagarbeidarar og sjukepleiarar. Ifølge rapporten *Kompetanse og utdanning i Nordhordland* får Nordhordland eit **behov for 443 fleire helsefagarbeidarårsverk i 2035 samanlikna med i 2010**, og det **vil vera behov for 21-27 nye helsefagarbeiderstillingar i året**. Samstundes konkluderer rapporten med at det i dag vert utdanna for få helsefagarbeidarar for å kunne dekke dette behovet. Rapporten peikar også på at nokre av kommunane i Nordhordland allereie i dag har problem med å rekruttere helsefagarbeidarar (Rusten, Eriksen og Grimsrud 2019: 115-118).

Rekruttering av arbeidskraft er eit viktig argument for å ta lærlingar. Kommunen vil spare HR-ressurser.

I helse – og oppvekstfag, og då særleg i helsefag er det berre kommunane som kan hjelpe lokal ungdom til å få fullført utdanninga si.

- Korleis skal vi klare å rekruttere nok helsefagarbeidarar i regionen?
- I mange bedrifter i næringslivet er ca. 10% av arbeidsstokken lærlingar. Rekruttering av lærlinger startar ved at ein har elevar ute i praksis. Ønsker kommunane å gjera dette? Og korleis kan dei gjera det?
- Stiller kommunane i Nordhordland krav om lærlingar til underleverandørar av tenester til kommunane?

På vegne av Ressursgruppa til Nordhordland Næringslag

Vivian Kårbø